

2013

# Årsrapport for Sirdal sokneråd



Vedtak S-sak 007/2014  
Sirdal sokneråd 22.januar 2014





# 1. Organisasjon

## A. Soknerådet si verksemd

### **Samansetning fram til valet**

Inger Johanne Ousdal –leiar  
Arnild Bjørndal – nestleiar  
Johannes Hompland  
Kent Henrik Seland  
Velaug Ådneram  
Svein Hompland  
Egil Netland, kommunen  
Sigurd Flydal sokneprest  
1. vara: Ingunn Berstad Tonstad  
2. vara: Solveig Haugdom

### **Saker**

Soknerådet har i 2013 hatt 6 møte og behandla 48 saker. Møta har vore på Kyrkjesenteret og Tonstadli. 31 saker har vore soknerådssaker og 17 har vore fellesrådssaker.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med i året som har gått har vore mellom anna omfordeling av presteressurser i prostiet, bispevisitas, ny salmebok, tilrettelegging for miljøvenleg transport, automatisk slokkeanlegg i Lunde kyrkje og nye misjonsprosjekt.

### **Kyrkjeleg administrasjonsutval**

Arnild Bjørndal  
Svein Hompland  
Kent Henrik Seland  
Ragnild Maria Sandvik,  
arbeidstakarrepresentant

### **Forhandlingsutval:**

Kent Henrik Seland  
Arnild Bjørndal  
Per Øistein Rogstad (til 31.01)  
Henning Huseby Jansen (frå 01.04.)

### **Gudstenesteutval**

Arnild Bjørndal (til 01.07.)  
Anne Turid Solberg Garnica  
Johannes Hompland  
Siv Olaug Lindeland Tonstad  
Gunnlaug Seland  
Hanne Birgitte Fodstad  
Kjetil Øygard Eidevik (frå 01.09.)  
Sigurd Flydal

### **Undervisnings- og konfirmanutval**

Åslaug Karin Fidjeland  
Ingunn Berstad Tonstad  
Siri Elisabeth Kydland  
Jørgen Tjørhom  
Inger Solveig Høyland

### **Diakoniutval**

Kent Seland  
Solveig Haugdom  
Velaug Ådneram

Karen Kristine Sinnes  
Svein Hompland

### **Arbeidsgruppe for Grøn kyrkjelyd**

Inger Johanne Ousdal  
Sven Sandvik  
Per Øistein Rogstad (til 31.01.)  
Henning Huseby Jansen (frå 01.04.)

### **KN- komité**

Sven-Egil Testad  
Inger Solveig Høyland

### **Syskenringen(frå kyrkjelyden)**

Sigurd Flydal  
Arnild Bjørndal (til 01.05.)  
Inger Johanne Ousdal (frå 01.05.)  
Ragnild Maria Sandvik (til 01.09)

### **Misjonsutval Tonstad**

Turid Skregelid  
Per Øistein Rogstad (til 31.01)  
Henning Huseby Jansen (frå 01.04.)

### **Misjonsutval Øvre Sirdal**

Misjonsforeininga


### **Redaksjonskomité Kyrkje og Kultur**

Sven Egil Testad  
Solbjørg Tjørhom  
Lars Audun Fodstad  
Per Øistein Rogstad (nr 1 – 13)  
Henning Huseby Jansen (frå nr 2)

## 2. Personal

**Mål for 2013:**

- Arbeide for god rekruttering til stillingar i kyrkja lokalt.



Totalt har soknerådet 3,94 årsverk som er fordelt slik:

100 % Kyrkjevevje

100 % Organist

100 % Kyrkjelydsarbeidar

57 % Kyrkjjetenar

37 % Reinholdar

Organiststillinga har vore noko redusert i 2013, og kyrkjelydsarbeidarstillinga noko auka.



Etter ein krevjande rekrutteringsprosess var det stor glede då James Reed byrja som kantor 01.01.13. Dessverre blei han ikkje verande så lenge før han sa opp, med verknad frå 31.08. same år. Soknerådet fekk imidlertid god tid på seg til prosessen med å rekruttere ny kantor etter James, og etter utlysing og



tilsetjing, fekk Kjetil Øygard Eidevik i juni tilbod om stillinga. Vi er glad han takka ja, og han byrja i 80 % stilling som kantor 01.09. Stor takk til vår «gamle» kantor Hanne Fodstad, som vikarierte medan vi venta på at Kjetil skulle ta til. I tillegg var andre vikarar inne på enkelttenester. Ragnhild Maria Sandvik var dessutan inne som vikardirigent for Sirdal blandakor i vårsemesteret, noko som betydde mykje for koret. Den 01.09. gjekk Ragnhild Maria etter eige ønske ned frå 60 til 40 % stilling som kyrkjelydsarbeidar, med barnekora og babysang som prioriterte oppgåver. Frå 31.03. blei soknepreststillinga i Sirdal sokn redusert frå 100% til 80%. Denne reduksjonen merkast ved at sokneprest Sigurd Flydal er pålagt å gjere teneste i Flekkefjord kvar fjerde veke. Per Øistein Rogstad slutta i stillinga som kyrkjeverge 31.01. Han avslutta dermed 13 års teneste i Sirdal, og han fekk ein velfortent takk for alt arbeidet han har lagt ned desse åra, under årsmøtet i februar. Den 01.04. tok Henning Huseby Jansen over som kyrkjeverge i Sirdal.

### 3. Verksemda – bygg, administrasjon og anlegg

#### A. Kyrkjene

Mål:

- Måling av Lunde kyrkje (150.000)
- Måling av Kvævemoen kapell (150.000)

### 4. Verksemda - kyrkjelyd

Statistikk	2011	2012	2013
Gudstenester o.l	66	72	80
Deltakarar	4766	5196	4839
Snitt pr gudsteneste	72,2	72,2	60,5
Dåp	25	22	20
Konfirmantar	22	14	18
Vigslar	6	7	2
Gravferdar	17	22	18
Konsertar/musikkandaktar	13	14	10
Deltakarar	1117	1090	615

Kommunen løyvde 300.000 kroner i ekstra driftsmidlar for 2013. Midlane skulle brukast til å vidareføre vedlikehaldet av kyrkjene, særleg måling av Lunde kyrkje og Kvævemoen kapell.

Til å utføre dette arbeidet, blei Tom Johansen tilsett i ei mellombels deltidsstilling frå 01.03. til 01.12.2013. Han la ned eit stort arbeid med å vaske, skrape og flekke Kvævemoen kapell, Haughom kapell og Lunde kyrkje. I tillegg blei halve Kvævemoen kapell ferdig måla, og deler av Tonstad kyrkje vaska. Kjellaren i Kvævemoen kapell blei også måla.



Det blei også foretatt diverse anna vedlikehaldsarbeid på kyrkjene, som til dømes utskifting av noko roteskada treverk.

Det er for øvrig blitt kommentert frå kyrkjegjengare at HC-inngongen på Kvævemoen fungerer svært godt.

#### B. Kyrkjegardane

Mål:

- *Legge til rette for at kyrkjegardane er gode stadar å vere for sørgjande og andre som ferdast der.*

Samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av kyrkjegardane held fram. Frå vårt ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den utnyttar både maskin- og personalressursane på ein god måte.

Kyrkjegardane er stadig i utvikling.

ASVO har i fleire år hatt ansvar for stell av legatgravene ved Skeihaugen og Haughom kyrkjegard.

I 2013 tok dei også over ansvaret for stell av Lunde kyrkjegard, etter Siw Omlid som ønskte å avslutte dette arbeidet. Jofrid Sinnes steller fire graver ved Kvævemoen kyrkjegard. For tida har vi avtaler om stell av 17 graver på Skeihaugen, 12 på Lunde kyrkjegard, 4 på Kvævemoen og 2 på Haughom.

Dei fleste gravstellavtalene er basert på at det blir betalt inn ein sum som står disponibel for gravstell, mens nokre betalar inn gravstellet år for år.



## A. Gudstenesteliv

### Mål

- Arbeid med gudstenestefornyning i tråd med ny gudstenesteliturgi som Kyrkjemøtet vedtok april 2011.

Soknerådet har oppnemnd eit særskilt gudstenesteutval som har som ei viktig oppgåve å involvere fleire i gjennomføringa av gudstenesta. Utvalet møtast jamnleg, og deltek i planlegginga av ulike gudstenester saman med soknepresten. Talet på gudstenestedeltakarar gjekk ned med 357 frå året før. Dette er ei prosentvis nedgang på 6,9 frå året før. Gudstenestetalet svingar noko frå år til år. Det kan ha samband med mellom anna antal konfirmantar og storleiken på årskullet som deltek på utdelingar. Årsstatistikken seier at det var 80 gudstenester i fjor, mot 72 året før. Dette skuldast at samlingar vart rekna som gudstenester i statistikken i fjor til forskjell frå tidlegare år. Det høge talet på gudstenester er også noko av forklaringa på at gjennomsnittstalet på gudstenester gjekk ned frå 72 i 2012 til 60 i 2013. Nedgangen i totaltalet på deltakarar i fjor, slår naturlegvis også ut på gjennomsnittstalet. I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det i 2013 vore arrangert mellom anna:

**Årsfest** på Lunde skule 3. februar, der Per Øistein Rogstad vart takka for tretten års flott arbeid som kyrkjeverge og dagleg leiar i Sirdal sokn.

**Friluftsgudsteneste** på Kvinen langfredag 18. april og Olsok 28. juli. Vermeldinga var dårleg, men over tjue personar trassa vermeldinga og blei med på olsokgudstenesta.

I tillegg blei det arrangert friluftsgudsteneste ved Øksendal skule Helgetorsdag. Denne gudstenesta skulle eigentleg vore på Steiane, men måtte flyttast pga ein sein vår.

Fellesgudsteneste på seinsommaren saman med Valle og Bykle, blei avlyst. Det ser ut til at denne tradisjonen har hatt si tid.

Gjennom fleire år har ein også lagt til rette for å ha turar i samband med gudstenester i kyrkjene. Det har vore vekslande frammøte på turane, men mange har sett pris på eit slikt tilbod. 16. juni vart «Skaparverkets dag» markert under gudstenesta i Haughom kapell, og etter gudstenesta gjekk turen til Øksendalsheia.

I **påska** blei det som tidlegare år gjennomført ei rekke gudstenester og andaktar rundt i kommunen. Just Salvesen var årets påskeprest med base i Kvævemoen kapell. Han hadde mellom anna ansvar for skjærtorsdagsgudstenesta i Lunde kyrkje og påskenattsmessa i Kvævemoen kapell. Familiesamlinga på Sirdal Fjellmuseum på påskeaftan har blitt eit populært tilbod for mange turistar, og det var godt oppmøte også i år. Også andakten på Josdal er godt innarbeid. Tore Haughom er ein trufast andakts-haldar på Rubestøl og Marestøl på Øksendalsheia.

**Barnas dag** i Kulturhuset 17. november blei arrangert for femte gong i år, og blei ein stor suksess. I tillegg til ulike aktivitetar i hallen og matsal, trakk konserten med gruppa «Give me five» svært mange tilhøyrarar i alle aldre.

Soknerådet arrangerer i september ein **open temakveld** med fokus på «Det livssyns åpne samfunnet». Ingunn Folkestad Breistein innleia og svarte på spørsmål.

## B. Bispevistas

Torsdag 31. oktober og søndag 3. november var det bispevisitas i Sirdal sokn. Førre gong var i 2004. Det var lagt opp til eit tett program på torsdagen, sidan det berre var avsett ein dag til Sirdal denne gongen, utanom gudstenesta søndagen. Biskop Stein Reinertsen møtte staben på Kyrkjesenteret, elevar og lærarar på begge ungdomsskulane, kommuneleiinga, bebuarar på



Sirdalsheimen og Tjørhom dagsenter, tilsette innan helsetenestene i kommunen og representantar for turistane og turistnæringa i Sirdal. Om kvelden var det folkemøte på Kulturhuset med temaet: «Kyrkja vår?» Søndagen var det ein flott visitasgudsteneste der kyrkjelydens kor deltok. Visitasen vart avslutta med kyrkjekaffi på Tonstad bedehus.

## C. Kyrkjemusikk

### Mål:

- *At vi prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Ragnhild Maria Sandvik dirigerer Tonstad barnekor. Dei hadde 20 medlemmer i vår og 14 i haust, det var litt fleire på våren og litt færre på hausten enn i fjor. Ragnhild Maria dirigerer også jentekoret Cantarellene, og dei hadde 8 songarar om våren og 3 om hausten. Dette er ein nedgang frå i fjor, men det vil ofte svinge noko. Begge kora deltok på gudstenester og konsertar i kyrkja. Kora framførte skaparverkemusikalen «Å, så vakkert» i Kulturhuset 12. mars, og syngspelet «De hellige tre narrer» i Tonstad kyrkje 28. november. I tillegg framførte dei deler av julespelet til julaftan på Sirdalsheimen 5. desember, og song saman med Sirdal Blandakor Sirdalssongen for kronprinsparet i Kulturhuset 17. sept.

James Reed dirigerte ein kort periode Sirdal Blandakor, før Ragnhild Maria Sandvik blei spurt om å gå inn som vikaridirigent fram til kronprinsbesøket i september. Koret har hatt eit aktivt år med mange konsertar og songoppdrag, mellom anna Vår song på Tjørhom, song under kronprinsbesøket, song på folkemøte og gudsteneste under bispevisitasen, Vi syng jula inn i Tonstad kyrkje og Lysmessa i Haughom.



Eit av årets høgdepunkt for koret var turen til London 21-23.juni, der både kormedlemmer og fleire ektefeller var med.

Ungdomskoret Revelation hadde noko aktivitet i vår, men mindre i haust. Dirigent var Ane Benedikte Haugom.

## D. Undervisning – barn og ungdom

*Mål for perioden:*

- *At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring*

Soknerådet har oppnemnd eit konfirmant og undervisningsutval med særleg ansvar for dette området. Skulelaget på Tonstad skule er i godt gjenge, det same er skulelaget på Sinnes skule. Inger Solveig Høyland er vaksenleiar for begge laga. Gerd Signy Haugom held fram som vaksenleiar for Tonstad-laget, og frå i haust har også Anders Tjørhom blitt med for Sinnes-laget. Sprell levande-samlingane for barn i Kvævemoen kapell veks, og samla om lag 15 born frå 4-10 år. Dette er eit samarbeid mellom det som var barnekoret Sing Bell og søndagsskulen på Tjørhom.

Kyrkjemøtet vedtok ny plan for trusopplæring i 2009, og den utfordrar oss til å tenke nytt om arbeidet. Konfirmantarbeidet er ein viktig del av ungdomsarbeidet som vi nyttar store ressursar på. Babysong har blitt ført vidare i 2013, og tiltaket under leiing av Ragnhild Maria Sandvik samlar stadig fleire babyar og foreldre. Småbarnstreff som vart leia av Inger Solveig Høyland, vart lagt ned i fjor, grunna eit ønske om å prioritere ungdomsarbeidet sterkare. Tårnagenthelga i april samla 10 born i 2013, og vil bli vidareført framover under leiing av Inger Solveig Høyland og Kjetil Øygard Eidevik. Resultatet av sterkare satsing på ungdomsarbeid er



TRAFØ, eit ungdomstilbod frå 8.klasse og oppover. Dette tiltaket, som er eit samarbeid mellom kyrkjelyden og Tonstad bedehus, har blitt svært godt motteke. Konfirmantane fekk tilbod om å vere med på leiarkurs etter konfirmasjonen, og tre konfirmantar har fått leiartrening i haust.

## E. Diakoni og misjon

*Mål for perioden*

- *At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelydane.*
- *Arbeide for å gje eit betre tilbod til turistane*
- *Følgje opp måla i plan for grøn kyrkjelyd*

### Misjon/internasjonalt engasjement

Tonstad kyrkjelyd har sida 90-talet støtta misjonsarbeidet til Det Norske Misjonsselskap i Paris. Særleg arbeidet til Jean Claude Dibundi ved "Håpets senter". Senteret arbeidar blant afrikanske studentar samt innvandrarar med ulik bakgrunn. Dette er eit særst viktig arbeid for at desse skal bli bevart i den kristne trua, og nye bli vunnne.

Øvre Sirdal støtta eit misjonsprosjekt i Aserbajdsjan, der Normisjon driv eit spennande arbeidet. Soknerådet har valt å vidareføre begge desse prosjekta. Ei misjonsforeining blei starta for nokre år sida for å arbeide for prosjektet i Aserbajdsjan.

Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del.

Soknerådet har sett i gong ein prosess for å vurdere om kyrkjelyden skal fortsette å støtte desse prosjekta, eller om ein skal finne nye.

### Diakoni og eldrearbeid

Vårsongkveld på Tjørhom har kome i staden for dei tradisjonelle eldrefestane. Dette er eit samarbeid mellom diakoniutvalet, Sirdal blandakor og Sirdal trekkspillklubb. Diakoniutvalet har delt ut songboka Syng Med til alle 75 åringar. Dei andre jubiliantane fekk ein bordkalender og blomar.

Vi har nå fått til ein godt innarbeide tradisjon med å innby alle som blei konfirmert for 50 år sidan til



gudsteneste i Tonstad kyrkje og middag på Sirdal høyfjellshotell. Dette samlar mange.

### Vegkyrkje og open kyrkje

Det var ikkje nokre opne kyrkjer i år, men laurdagen under Sirdalsdagane var det kafé i Kvævemoen kapell i regi av soknerådet. Saman med tilbodet om kafé var det og utstilling av bilder frå Torill Tjørhom, og minikonsertar på orgel kvar time, ved Hanne Fodstad.

### Grøn kyrkjelyd

Sirdal kyrkjelyd er grøn kyrkjelyd, og har eit særskilt ansvar for å vere gode forvaltarar også for naturen rundt oss. Miljøvenleg reinhald og kompostering på kyrkjegardane er nokre av tiltaka. Arbeidsgruppa leverer fast spalta «Miljøtipset» til Kyrkje og kultur. Gruppa har også kome med eit innspel til soknerådet om å leggje til rette for lading av el-bil ved Kyrkjesenteret, noko som no er mogeleg. Vidare har gruppa kome med ei oppmoding til Sirdal kommune om å vurdere tiltaket med subsidiert straum i eit miljøperspektiv.



## F. Felleskyrkjeleg arbeid

Syskenringen har representantar frå dei ulike kyrkjesamfunna i Sirdal samt organisasjonane på bedehuset, og er dermed eit viktig samarbeidsorgan. For femte gong var det Sprell levande samling på Eliastunet 4. mai. 150 store og små var samla for å få med seg tryllekunstnaren Ruben Gazki Dette er noko ein vil helde fram med. Søndag 4.mai 2014 blir det på nytt Sprell levande-samling på Eliastunet, denne gongen med Tore Thomassen.

2. påskedag i Haughom kapell, adventsamlinga på Tonstad som startar med julegranntening på Eliastunet og held fram med konsert i kyrkja og midnattsmessa på nyttårsaftan, er også felleskristelege arrangement.

Sjølv om det er kyrkjelyden som står bak den årvisse inspirasjonssamlinga for frivillige medarbeidarar, blir også medarbeidarar frå andre kyrkjesamfunn invitert til til samlinga. Skiskyttartrenar Roger Grubben delte av sine erfaringar denne kvelden i slutten av august.

## G. Samarbeid med skule og barnehage

I løpet av 2013 har det vore 2 skulegudstenester for Sinnes og 4 for Tonstad skule. 5.klasse har fått utdelt nystestamente og har hatt eit kurs i bruk av dette i tre skuletimar. Som tidlegare år har det vore påskesamling i begge barnehagane. 4. klassingane var invitert til Kvævemoen kapell og Tonstad kyrkje for å sjekke

kyrkja. 3-5 åringane var med på julevandring i Tonstad kyrkje og Kvævemoen kapell, der barn og tilsette frå barnehagane dramatiserte juleevangeliet i kyrkjerommet saman med kyrkjelydsarbeidarar, prest og organist. 1- og 2-åringane hadde si eiga julesamling i Tonstad kyrkje.

## H. Informasjonsarbeid

Dette er eit prioritert område. Kyrkje og kultur i Sirdal kom med fire nr i 2013, og har blitt godt etablert i dalen. Mange ser fram til å få bladet i postkassa. Det kjem ut i samarbeid med kulturkontoret i kommunen. Redaksjonskomitèen leverer sytten sider, og kulturkontoret leverer sju sider. Det er ei god ordning. Nettsida [www.sirdal.kyrkja.no](http://www.sirdal.kyrkja.no) har godt besøk, og staben forsøker å oppdatere sida jamnleg. Gjennom den når vi ut til ulike grupper.

Ein annan viktig informasjonskanal er SMS-varsling. Dette er mykje nytta i ungdomsarbeidet og konfirmantarbeidet, men også i nokon grad mot vaksne. I ungdomsarbeidet nyttast òg Facebook som ein viktig informasjonskanal.

Kyrkjekontoret leverer dessutan notisar til avisa Agder i samband med spesielle gudstenester og andre arrangement.

## 5. Rekneskap

	2011	2012	2013
Driftstilskot, kommune	2763000	2763000	2774900
Tilskot andre driftstiltak	200000	300000	300000
Tilskot frå staten	21880	0	0
<b>Diposisjonsfond</b>			
Restkonto Øvre Sirdal	35098	35098	35099
Restkonto Tonstad	26816	26816	28816
Avsett til salmebøker	30000	30000	30000
Disposisjonsfond pr 31.12:	536038	498950	436564
Årets overskot/underskot:	<b>9711</b>	<b>-62384</b>	<b>-77552</b>
Ofringar til andre organisasjonar	138987	146377	121103
Innsamling til Fasteaksjonen	43897	43943	46304
Offer til kyrkjelydsarbeidet	27575	23255	28821
Kollektar ved konsertar	18233	19835	6560

## 6. Framtidsutsikter

I arbeidet med budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017 formulerte soknerådet desse måla:

### D. Mål for 2014-2017

- Automatisk brannsløkking ved Lunde kyrkje (rentekompensasjonsprosjekt).
- Oppfølging av vedlikehaldsplan (utarbeidd desember 2011).
- Vidareutvikle området rundt Tonstad kyrkje, forstudie med tanke på nytt bygg.
- Innkjøp av nye salmebøker til Haughom kapell, Lunde kyrkje og Kvævemoen kapell, samt digital plattform for gudstenestegjennomføring i Tonstad kyrkje.
- Kyrkjegardane kan vere gode stadar å vere for sørgjande og andre som ferdast der. Difor vil vi montere lys på Skeihaugen kyrkjegard.

- Montere vatningsanlegg på Kvævemoen og Haughom kyrkjegardar
- Utarbeide lokal plan for trusopplæring i tråd med sentral plan som blei vedtatt på Kyrkjemøtet november 2009
- Lokal diakoniplan – vidareutvikle det diakonale arbeidet i tråd med sentralt vedtatt plan
- Arbeide for god rekruttering til stillingar i kyrkja lokalt

## **E. Prioriteringar 2014**

- Fullføre vedlikehald og måling av Haughom kapell, Lunde kyrkje og Kvævemoen kapell (250.000)
- Innkjøp av nye salmebøker til Haughom kapell, Lunde kyrkje, Kvævemoen kapell og Tonstad kyrkje, samt digital plattform for gudstenestegjennomføring i Tonstad kyrkje (200.000)
- Vidareutvikle området rundt Tonstad kyrkje, forstudie med tanke på nytt bygg (150.000)

Dei ekstraordinære midlane soknerådet søkte om, blei dessverre ikkje med i kommunens investeringsbudsjett for 2014. Kommunen løyvde imidlertid 1,1 millionar kroner til automatisk brannsløkkingsanlegg i Lunde kyrkje for 2014.